



Arkivnr: 2017/3690-7

Saksbehandlar: Tone Stedal Haugland og Ronny Skaar

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		13.02.2018

### Innspel til kulturmeldinga

#### Samandrag

Regjeringa har sett i gang arbeid med ny stortingsmelding om kultur. Meldinga skal klargjere måla for framtidens nasjonale kulturpolitikk og gje grunnlag for prioriteringar og løysingar av kulturpolitiske utfordringar i åra som kjem.

Arbeidet med meldinga skal famne heile breidda i Kulturdepartementet sitt ansvarsområde, unnateke idrett, og skal sjå på kulturpolitiske konsekvensar av til dømes teknologisk utvikling, globalisering, demografiske endringar, samfunnsøkonomiske realiteter og nye forvaltningsstrukturar. Statens rolle i forhold til dei andre forvaltningsnivå er eit viktig tema.

Etter oppstartkonferansen for kulturmeldingsarbeidet i Oslo 3.mai 2017 er det halde regionale innspelsmøte for aktørar i kulturlivet i heile landet. 15.november 2017 arrangerte Hordaland fylkeskommune regionalt innspelsmøte i Bergen i samarbeid med Kulturdepartementet.

Frist for innspel i denne fasen er sett til 15. februar 2018. Fylkesrådmannen vil rå til at innhaldet i denne saka vert sendt som Hordaland fylkeskommune sitt innspel til kulturmeldinga.

#### Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling slutter seg til innspel til kulturmeldinga slik det ligg føre i saka.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd  
fylkesdirektør kultur og idrett

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 29.01.2018**

Stortingsmeldingane om kultur, dei såkalla kulturmeldingane, er sentrale nasjonale styringsdokument der regjeringa har lagt fram samla oversyn over status, mål og verkemiddel for kulturpolitikken i landet. Meldingane har stadfesta eit nasjonalt kulturansvar som gjeld både stat, fylkeskommunar og kommunar, og etablert prinsippet om at offentleg kulturpolitikk er ein sjølvstendig del av samfunnsplanlegginga. Og, etter at dei to første kulturmeldingane introduserte «det utvidede kulturbegrep» er mottakarane av politikken både dei som skaper og dei som tek i mot eit breitt spekter av kulturytringar og -uttrykk.

Den siste kulturmeldinga var Stortingsmelding nr. 48 (2002–2003) *Kulturpolitikk fram mot 2014*. Både kulturlivet sjølv og samfunnet elles har endra seg mykje på desse åra. Dermed er det på høg tid at ein på nytt gjer opp samla status, og vurderer mål og verkemiddel for den nasjonale kulturpolitikken. Idrett vert ikkje handsama som del av meldingsarbeidet, men ein skal elles famne heile breidda i Kulturdepartementet sitt ansvarsområde, inkludert det profesjonelle og frivillige feltet, og skal sjå på kulturpolitiske konsekvensar av til dømes teknologisk utvikling, globalisering, demografiske endringar, samfunnsøkonomiske realiteter og nye forvaltingsstrukturar.

Hordaland fylkeskommune er nøgd med at Regjeringa har teke opp arbeidet med ei ny stortingsmelding. Fylkeskommunane er avgjerande for realiseringa av den nasjonale kulturpolitikken og ein har difor ei klår forventning om at det regionale ansvaret vert grundig handsama i meldingsarbeidet.

Det regionale ansvaret har mellom anna bakgrunn i tidlegare kulturmeldingar. Dei viktige stortingsmeldingane, Nr 8 frå 1973 og tilleggs melding nr 52 frå 1974, formulerte ein ny, desentralisert, men likevel nasjonal, kulturpolitikk. Eit kulturelt demokrati handlar nettopp om å støtta og synleggjere kulturinntrykk og kulturinteresser i ulike samfunnsgrupper, og gjera dei til ein del av det ålmenne kulturlivet. Den gongen sette regjeringa seg i førarsetet og tok eit overordna grep for å sikra ein samla, nasjonal kulturpolitikk, mellom anna med inspirasjon frå Frankrike og leiande kulturpolitikarar som André Malraux.

Med syttitalets kulturmeldingar, fekk kommunar og fylkeskommunar viktige oppgåver i den nye nasjonale kulturpolitikken. Stikkord var desentralisering, demokratisering og eit utvida verdibasert kulturomgrep med fokus på kulturen sin eigenverdi, det kulturelle mangfaldet og kultur som allemannseige. Tida var prega av statleg stimulans til utvikling av ein sjølvstendig desentralisert kulturpolitikk. Gjennom kulturpolitikken skulle alle grupper i samfunnet sikrast rett til å ta del i og å utvikla sine eigne kulturelle uttrykk og tradisjonar – ut frå eigne premiss og basert på eigne verdiar. Det fremma sjølvstende og demokrati fordi det gav vilje til å utfordra og til å ta ansvar.

På nittitalet kom eit skifte i kulturpolitikken. Mange har peika på at kulturmeldingane i aukande grad sto for sentralisering og avpolitisering av kulturfeltet, og først og fremst var planverktøy for statleg politikk utan ambisjonar for ein nasjonal kulturpolitisk heilskap med kommunar og fylkeskommunar som medspelarar. Såleis vart dei lokal- og regionalpolitiske handlingsromma på kulturområdet utfordra. Samstundes fekk kommunar og fylkeskommunar ansvar for praktisk iverksetjing av statlege oppgåver. Fleire hevdar at dette gjev lite rom for sjølvstendig politikktutforming, og den lokale og regionale kulturpolitikken søker gjerne, diverre, legitimitet på andre politikkområde.

Hordaland fylkeskommune legg difor til grunn at meldinga bør identifisere og styrkje handlingsrommet for regional folkevald styring på kulturfeltet. For, sjølv om 1990-talet sitt skifte i den statlege kulturpolitikken innebar endringar i det fylkeskommunale kulturoppdraget, er likevel den regionale politikken i Hordaland utvikla og forma langs dei lange linene som er teikna av dei tidlege stortingsmeldingane. Der er kulturpolitikken gjort til del av den ålmenne samfunnsplanlegginga. Dei kulturpolitiske satsingane er dels tufta på målsettingar om folkeopplysning, demokrati, rettferdig fordeling av og lik tilgang på kultur og kunnskap. Men, dei er like mykje grunngeve i ønskje om å støtte kulturelle og kunstnarlege ytringar på eigne premissar og målet om å stimulere kulturell og kunstnarleg aktivitet og mangfald i heile Hordaland.

I den pågåande regionreforma er fylkeskommunane tiltenkt ei strategisk oppgåve som planleggjar og koordinator på tvers av forvaltningsnivå, og det er klare forventningar om at den regionale samfunnsutviklarrolla skal styrkjast. Mellom anna må vere eit regionalpolitisk ansvar å vega ulike omsyn og

foreta naudsynt prioritering og samordning av ulike sektorinteresser. Det gjeld også på kulturområdet. I samsvar med intensjonane i reforma meiner difor Hordaland fylkeskommune at tida er moden for å etablere eit nytt blick på rolla til dei tre forvaltningsnivåa i kulturpolitikken. Dette bør vere eit prioritert tema i den komande kulturmeldinga.

Dette er også del av grunnlaget for nedsetjinga av regjeringa sitt Ekspertutval. Utvalsrapporten som vart lagt fram for 1. februar 2018 viser korleis ein kan styrkje og utvikle det regionalpolitiske handlingsrommet på kulturfeltet. Hordaland fylkeskommune vil gje eiga høyringsfråsegn til Ekspertutvalet, men rår til at Kulturmeldinga legg til grunn dei prinsippa som er formulerte og tilrådde i utvalsrapporten.

### **Dei tre forvaltningsnivåa**

I samsvar med vedtekne mål i Regional kulturplan for Hordaland 2015 - 2025. PREMISS: KULTUR, legg Hordaland fylkeskommune til grunn at stortingsmelding om kultur bør etablere tydeleg handlingsrom for ein regional kulturpolitikk som legg vekt på kulturen sin eigenverdi som grunnlag for langsiktig utvikling, styrkjar kulturelt samkvem med omverda og er open for nye impulsar. Målsettinga må vera ei styrking av det kulturelle mangfaldet og dei kunstnariske uttrykksformene sin eigenverd – alt tilpassa den regionale konteksten.

Her bør planlegging, regionale styringsinstrument og økonomiske verkemiddel knytast saman slik at til dømes regionen har frie midlar og ressursar til gjennomføring av regional politikk. Ny stortingsmelding om kultur bør difor etablere tydelege prinsipp om samsvar mellom avgjerdsmynde og ansvar, oppgåver og økonomiske verkemiddel.

Også dei andre forvaltningsnivåa – stat og kommune – har sine særeigne fortrinn. Kommunane har til dømes ei avgjerande oppgåve med å syta for grunnfjellet i kulturpolitikken, og har til rådvelde verkemiddel som går langt ned mot innbyggjarnivået. Motsett styrer staten med sine meir overordna og strategiske verkøy, oftast som økonomisk og juridisk rammestyring.

Det er ei utfordring å utnytte desse ulike "fortrinna" i ei samla strategisk satsing på kulturfeltet. Slik Hordaland fylkeskommune ser det, bør Stortingsmeldinga utdjupe prinsippa for samordning og avklaring av det offentlege kulturansvaret. Slik har ein samla sett gode verkøy til å ivareta alle aspekt ved kulturlivet, frå det heilt lokale tiltaket til dei meir overordna nasjonale interessene på kulturfeltet.

For å få til det legg Hordaland fylkeskommune til grunn at det er behov for ein betre og meir systematisk dialog mellom dei offentlege partane. Det mellom anna vore sterk vekst i initiativ som har arbeidd seg opp til å få støtte frå fleire forvaltningsnivå og ulike kjelder for finansiering, og det ligg sjeldan føre formell fastsett fordeling mellom tilskotsytarane. Dette utgjer ein del av den grunnleggande dynamikken i kulturpolitikken. Hordaland fylkeskommune meiner likevel at dette understrekar behovet betre og meir systematisk dialog mellom dei ulike tilskotspartane. Dette bør vere eit tema i den komande meldinga. Ein kan her vise til svenske erfaringar med den såkalla «kultursamverkansmodellen». På grunnlag betre samhandling mellom stat, fylkeskommune og kommune kan det skapast grunnlag for ein heilskapleg og solid kulturpolitikk. Kulturpolitikken kan slik verte ei sterkare kraft i arbeidet med å bygga eit inkluderande samfunn, der alle etter evne og interesse kan utfalda og utvikle seg, ta del i, og oppleve, tradisjonell og nyskapande kunst og kultur på høgaste nivå.

Meldinga bør særleg drøfte prinsippa for statlege organ si samhandling med regional forvaltning. I dialogen med statlege aktørar erfarer fylkeskommunen at intern statleg samhandling er krevjande. Dermed bør stortingsmeldinga også sjå på tilhøvet mellom statlege direktorat og andre organ, som til dømes Nasjonalbiblioteket, Arkivverket, Norsk Kulturråd, Kulturtanken, Riksantikvaren med vidare.

### **Regional forvaltning**

Sentralisering og avpolitisering av kulturfeltet må motverkast gjennom å gje tilstrekkeleg rom for regional politikktutforming og tilpassing ved at regionane får tilstrekkeleg tillit, handlingsrom og avgjerdsmynde. I

samsvar med dette må også regionale folkevalde ta ansvar for dei prioriteringane som blir gjort. Dermed sikrar ein kulturlivet sjølv makt og moglegheit for påverknad.

Hordaland fylkeskommune meiner at nye oppgåver til fylkeskommunane vil følgjast av kompetanse og ansvarleg forvaltning. Stortingsmeldinga bør leggje dette til grunn som eit prinsipp i forminga av den framtidige kulturpolitikken. Det regionale nivået høver godt til å utvikla kompetansemiljø og til å handtera større oppgåver som er for ressurs- og kompetansekreivjande for den einskilde kommune og som overskrider kommunegrensene. Det er eit prinsipp at fylkeskommunen ikkje skal vere ein overkommune, men ein kompetent samarbeidspartner for lokal forvaltning. Det gjeld ikkje minst på kulturfeltet.

På same vis vil regional forvaltning ha kompetanse som gjer ein i stand til å ta ansvar på kompliserte fagområde som i dag er delegerte til statlege organ. Døme på utvida oppgåver på kulturområdet kan vere vidareutvikling av eksisterande oppgåver innan spelemiddelforvaltning, kunst- og kulturformidling og ansvar for drift av kunst- og kulturinstitusjonar, og utviklingsoppgåver innanfor arkiv, bibliotek og museumssektorane.

### **Særlege utfordringar og fortrinn for Hordaland**

Kultur har utvikla seg som eit av dei mest sentraliserte politikkområda i Noreg. Det er naturleg at hovudstaden har viktige hovudstadsfunksjonar også på kulturfeltet, men det trengst fleire, tunge kulturelle sentra i landet, som byr Osloregionen konkurranse på kvalitet, nyskaping, merksemd og statlege midlar, jf Regional kulturplan for Hordaland 2015-2025.

Hordaland har mange og sterke profesjonelle enkeltkunstnarar, institusjonar og større og mindre organisasjonar innan dei fleste delane av kunstfeltet: Musikk, visuell kunst, scenekunst, film, elektronisk kunst og litteratur. Hordaland ligg godt over gjennomsnittet på landsbasis når det gjeld å ha nasjonale institusjonar i fylket, Bergen Filharmoniske Orkester, Carte Blanche, Den Nationale Scene og Festspillene i Bergen er lokaliserte i Bergen. Bergen og Vestlandet har tunge kunnskapsmiljø innan forskning, utdanning, kultur, offentleg forvaltning og media. Ny stortingsmelding bør sjå på staten sitt samspel med fylkeskommunane og føresetnadene for å vidareutvikle og styrkje vilkåra for sterke, profesjonelle kulturaktørar utanfor hovudstaden. Det same gjeld kunnskapsmiljøa knytt til kultursektoren.

Meldingsarbeidet bør slik også ha perspektiv på den regionale tilpassinga av kulturpolitikken i storbyregionane. Omlag 80 % av innbygarane i Hordaland bur i og ved byar og tettstader, over halvparten i Bergen. Det er viktig å styrkje Bergen som by nr. 2 i Noreg, til beste for kulturlivet i heile Vestlandsregionen. Samstundes hevdar utkantane i Hordaland sin rett på kulturområdet, og den kulturelle grunnmuren (folkebiblioteka, kulturskulen, m.m.) kan ofte ha vore nedprioritert. Det er ei regionalpolitisk utfordring å sikre det breie mangfaldet i uttrykk og tilbod, og samstundes spisse innsatsen tilstrekkeleg i høve behova til det profesjonelle kulturlivet. Meldinga bør drøfte korleis ein legg til rette for at det sterke profesjonelle kulturlivet i storbyane kan bidra med kompetanse og nettverk til profesjonelle og frivillige i distrikta.

Globaliseringa endrar kulturlivet. Fleire kulturaktørar i Hordaland har eit internasjonalt verkefelt. Hordaland har kunst, kulturinstitusjonar, prosjekt og arrangement som markerer seg i europeisk samanheng. Fylkeskommunane si breie erfaring med internasjonale samarbeid er også her eit fortrinn som kan utnyttast i internasjonaliseringa av kultursektoren.

### **Kommunal kulturpolitikk**

Kommunane er svært ulike. Ein del har utvikla ein tydeleg lokal kulturpolitikk, medan andre ikkje prioriterer feltet. Hordaland fylkeskommune erfarer at det kan vere utfordrande å halde oppe kulturkompetansen i lokal forvaltning og stimulere til at kommunane har ein aktiv og framtidretta kulturpolitikk. Å styrke det regionale samarbeidet på kulturområdet og skape fellesløysingar mellom kommunar kan vere ein riktig veg å gå. Det kommunale kulturansvaret og samspelet med fylkeskommunane bør slik gjevast ei grundig handsaming i meldinga. Kulturskulane og amatørkulturen peiker seg ut som viktige tema.

Kulturskulane er kommunale, og finansieringa er lokal. Fylkeskommunane har i liten grad vore ein part i kulturskulen sitt arbeid. Hordaland fylkeskommune kunne tenke seg at fylkeskommunen hadde ei utviklingsrolle for kulturskulane, tilsvarande den lovpålagte rolla fylkeskommunen har på bibliotekfeltet. Dette kunne gitt kulturskulen eit sterkare koordinerande og utviklande ledd på regionalt nivå.

Det offentlege skal verdsette og bygge opp under amatørkulturen, og syte for gode og føreseielege rammevilkår. Særleg skal innsatsen rettast mot å skaffe gode arenaer og møteplasser til øving, produksjon, og framsyningar. Dette er i første linje eit kommunalt ansvar, og det er svært ulikt korleis i kva grad kommunane tek dette ansvaret. Hordaland fylkeskommune støtter fleire fylkesfemnande organisasjonar som tilbyr nettverk og sin kompetanse på t.d. tilpassing av lokale til musikk, teater ol., og meiner at dei kan spele ei viktig rolle. Fylkeskommunen vil kople aktørar, oppmuntre og støtter prosjekt der utøvarar og organisatorar av amatørkultur frå ulike kommunar og/eller felt går saman om erfaringsutveksling, kompetansebygging og andre fellestiltak.

### **Storbyregionane**

I Hordaland er Bergen i ei særstilling, som fylkeshovudstad med eit svært omfattande kulturliv. I eit nasjonalt perspektiv er samspelet mellom stat, fylkeskommunar og store kommunar ein føresetnad for å lukkast med utvikle og underbygge kultursektoren i dei store byregionane.

Bergensregionen kan vere eit døme. Bergen kommune har gjennom meir enn to tiår hatt ein systematisk og offensiv politikk innan kulturminnevern, museum, kunst, bibliotek, med vektlegging både av arenaer, innhald, kompetanse og internasjonalisering. Det vert jamleg utarbeidd nye planar for desse områda. Bergen kommune sin ambisjon er at Bergen skal verte kjend som eit «nordisk tyngdepunkt for den eksperimentelle, modige og fremtidsrettede kunsten», noko ein i stor grad har lukkast med. Det høge ambisjonsnivået er i samsvar med kva rolle Bergen må ha, som stor kommune, som fylkeshovudstad og lokomotiv i heile landsdelen sitt kulturliv. Hordaland fylkeskommune meiner at dette viser kor viktig det er at forvaltingsnivåa har dialog, ansvarsdeling og samarbeid for å utvikle og ta i vare kulturlivet.

Samarbeid mellom aktørar i kulturlivet er ein føresetnad for å sikre arbeidsvilkåra for kunstnarar og kulturarbeidarar i Bergen og Hordaland. Sterke faglege nettverk spring gjerne ut i frå kulturlivet i byen, men er også viktige for distrikta. Det profesjonelle kulturlivet på Vestlandet spenner frå enkeltkunstnarar og grupperingar til store institusjonar. Kultur- og kunstlivet på Vestlandet har lukkast med å etablere fleire velfungerande, gode faglege nettverk, nokre i form av organisasjonar. Desse er viktige for overføring av kompetanse og erfaring, og bidreg til å styrke samspel innan kvart einskild fagfelt, som igjen fører til at heile feltet står sterkare. Slike strukturar kan også vere gode partnerar i tverrkunstnarlege/ tverrkulturelle dialogar, og slik styrke heile kultursektoren både på Vestlandet og elles i landet. Desse faglege nettverka / organisasjonane slik som Brak, VISP, Proscen ol. har vorte gode modellar for nettverks- og kompetansestrukturar fleire stader i landet.

### **Kulturbygg**

Sterke profesjonelle kunst- og kulturmiljø krev gode lokalitetar. Det same gjer det ålmenne kulturlivet i kommunar og lokalsamfunn. Kulturmeldinga bør difor ha perspektiv på arenautvikling:

Tilskota til kulturbygg gjennom desentralisert ordning har over tid vist seg å vere av stor tyding, og den drastiske reduksjonen i løyvinga til dette formålet dei to siste åra vil difor ha svært negativ konsekvens for det lokale og regionale kulturlivet i heile landet. Spelemidlane til kulturbygg er meir enn halvert dei to siste åra,- frå 128 mill. kr til 63 mill. kr på landsplan. For Hordaland er tilskota redusert med kr 4.865.324,- på to år. Bergen og Hordaland har i liten grad motteke statleg støtte til nasjonale kulturhus. Ytterlegare reduksjonar vil setje heile ordninga i fare. Frå Hordaland fylkeskommune sitt synspunkt er det viktig at tilskot til kulturhus får eit generelt løft og vert styrka. Ein bør sjå budsjettposten Nasjonale kulturbygg i samanheng med spelemidlar og andre midlar på dette feltet, og auke det regionalpolitiske handlingrommet slik at ein kan sjå arenaer kopling av for ulike kunst- og kulturformer, idrett ol på nye måtar. Det er viktig at også eksisterande bygg i lokalsamfunnet kan sjåast på som ressursar i arenautviklinga.

### **Museum og kulturarv**

Etter museumsreforma har Hordaland ti konsoliderte einingar. Musea forvaltar sentrale delar av samfunnet sitt kollektive minne gjennom store samlingar, gjenstandsmateriale, bygningar, foto, arkiv og immateriell kulturarv. I tråd med statleg og fylkeskommunal politikk er musea i Hordaland sterke faginstusjonar og samfunnsaktørar som set aktuelle problemstillingar på dagsorden, også i sine lokalmiljø, med eit breitt lokalt engasjement.

Der er store utfordringar på feltet. I samband med arbeidet med *Regional plan for museum 2011–2015 Hordaland* meldte musea inn store behov knytt til drift og investering. Behova er dels ein konsekvens av museumsreforma, og dels er det eit etterslep frå tidlegare. I dei årlege budsjettsøknadene frå musea kjem dette til uttrykk som behov for midlar til vedlikehald av bygningar, magasin, utstillingar og bemanning. *Museumsløft* i Hordaland skal styrkje musea, og vidarefører satsinga i *Regional plan for museum 2011–2015*. Musea skal i løpet av planperioden kome opp på eit akseptabelt nivå med omsyn til vedlikehald av museumsbygg, etablering av nybygg der det er behov for nye / andre formidlingslokale, auka løyvingar til basisutstillingar og auka satsinga på digital formidling. Museumsløftet føreset at fylkeskommune, kommunar og stat bidreg monaleg.

Musea i Hordaland har lågare andel statleg løyving enn landsgjennomsnittet. På museumsfeltet bør stortingsmeldinga difor leggje opp til nasjonal harmonisering av ansvarstilhøva og mekanismene for finansiering av institusjonane.

Hordaland er rikt på tradisjonar knytt til folkekultur og handverk. Kulturmeldinga bør leggje dei kulturpolitiske rammene for sikre den immaterielle kulturarven. På tradisjonskunstområdet har ein i Hordaland eit særleg ansvar med å ta vare på hardingfeletradisjonen, jamfør Noreg si ratifisering av UNESCO sin konvensjon om immateriell kulturarv.

### **Inkludering og deltaking**

Sjølv om Hordaland er prega av stor aktivitet på kulturområdet, er det eit mål at ein større del av befolkninga skal ta del i kulturlivet. Det er viktig å auke innsatsen innan formidling og publikumsutvikling. For å nå nye kulturbrukarar må ein jobbe medvite for å identifisere og bygge ned barrierar som hindrar fleire i å ta del i kunst- og kulturlivet. Eit mangfaldig publikum kan også medverke til å utvikle kunsten og kulturuttrykka i seg sjølve. Kulturmeldinga bør ta opp dette temaet, og drøfte det offentlege sin innsats for å stimulere kulturlivet til å jobbe med desse problemstillingane.

### **Nynorsk**

I Hordaland er Bergen, Odda og Askøy kommunar språknøytrale. Alle andre kommunar i Hordaland har, som Hordaland fylkeskommune, nynorsk som tenestemål og administrasjonsspråk. Utanom Bergensdialekten, ligg talemåla i Hordaland nærast det nynorske skriftspråket. Viktige nasjonale nynorskarenaer ligg andre stader enn i Hordaland, men i Hordaland bur mange av dei forfattarane og kunstnarane som brukar nynorsk i si skapande verksemd. Vestlandet spelar ei viktig rolle i bevaringa og utviklinga av det nynorske språket, både når det gjeld dagleg og kunstnarleg bruk. Ansvar for nynorsk er ei nasjonal kulturpolitisk oppgåve som meldinga bør ta opp.

### **Kultur og næring**

Kulturell verksemd gjev næringsgrunnlag for mange i Hordaland. Nyare statleg politikk legg vekt på at kulturlivet i aukande grad skal finansierast ved eigne inntekter. Mange innspel frå kunstlivet fortel at dette kan vere eit skjørt næringsgrunnlag. Hordaland fylkeskommune tek på alvor desse signala, særleg knytt til at institusjonane ikkje skal gjere seg avhengig av sponsorinntekter på driftssida.

Kulturpolitikken må legge til rette for at det profesjonelle kulturlivet og institusjonar på feltet skal styrke sin eigenart, og fremje samarbeid og fellesløysingar, bygge og utveksle kompetanse. Ein må vurdere det næringsmessige potensialet ut frå næringsmessige kriterium, og det kulturelle og kunstnarlege potensialet og innhaldet frå eit kulturelt synspunkt. Det kulturpolitiske hovudfokuset i den komande stortingsmeldinga bør vere å sikre utviklinga av dei kulturelle og kunstnarlege verdiane og innhaldet i kulturnæringa.